



NAV Hordaland
Postboks 284 Sentrum
5014 BERGEN

Dato: 12.11.2015
Vår ref.: 2014/17126-55
Saksbehandlar: agnwibo
Dykkar ref.:

Invitasjon til deltaking i arbeidsgruppe for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft

Fylkesutvalet vedtok 29.10. planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft (vedlagt), og planarbeidet kan dermed settast i gang.

Den sentrale målsettinga med planen er at den skal bidra til å sikre robust forsyning av arbeidskraft og framtidretta kompetanse til arbeids- og samfunnsliv med utgangspunkt i utdanningssystemet. Planprogrammet har trekt fram tre tema for planarbeidet: 1) Dimensjonering av utdanningstilbod, 2) Endring og omstilling- nye krav til kompetanse og 3) Utdanningsval og utdannings- og karriererettleiing. Utvikling av strukturar og prosessar som kan handtere endringar i arbeidsmarknaden, vil vere viktig for å nå målsettinga.

Planarbeidet er organisert med ei styringsgruppe og ei arbeidsgruppe. Arbeidsgruppa vil ha representantar frå Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund, Stiftelsen Høgskoleutdanning i Hardanger, NHO, LO, Bergen næringsråd, KS og NAV. Arbeidsgruppa vil bli leia av regionaldirektør for opplæring og regionaldirektør for regional utvikling. Regionalavdelinga vil i samarbeid med Opplæringsavdelinga leie sekretariatet for arbeidet.

Mandatet til arbeidsgruppa er å følgje det praktiske planarbeidet tett, fordele oppgåver og bidra i arbeidet med kompetanse og skriftlege leveransar etter avtale. Arbeidsgruppa utformar utkast til plan og gir innspel til tolking av planprogrammet til styringsgruppa. Arbeidsgruppa har konsultasjonsmøte med relevante organisasjonar, opprettar temagrupper etter behov og gjennomfører seminar om relevante tema. Det er planlagt at planarbeidet skal vere ferdig sommaren 2017. Arbeidsgruppa vert oppløyst etter at høyringsinnspela til planen er drøfta.

Vi inviterer NAV til å delta i arbeidsgruppa. I arbeidet med planprogrammet representerte Kristian Arnesen NAV. Vi ser gjerne at han fortsetter som representant i planarbeidet dersom det er mogeleg. Vi ønskjer å få **tilbakemelding innan 2.desember** til Agnete Wiborg (Agnete.Wiborg@hfk.no) om kven som skal delta.

Første møte i arbeidsgruppa vil vere **10.desember kl. 9-11.30** i Fylkesbygget.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Agnete Wiborg
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.